



Beitelaga i Hordaland og Sogn og Fjordane  
(E-post liste)

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Randi Erdal, 5764 3073  
Kari Des Bouvrie, 5557 20 22

## Organisert beitebruk- søknad om tilskot til drift av beitelag 2019

Tilskot til drift av beitelag er ein del av dei regionalt miljøtilskota i landbruket (RMP). Frå 2019 er dette felles for Hordaland og Sogn og Fjordane, og det er difor nokre endringar i retningslinjene.

Nytt av året er at tilskotet skal utmålast per dyr som er sleppt på utmarksbeite og ikkje per heimsanka dyr som tidlegare. I tillegg er det krav om nokre opplysningar som de må legge ved/kommentere. Satsane for driftstilskotet er auka til kr 20 for småfe og kr 40 for storfe/hest.

**Vi gjer dykk spesielt merksame på at for å få tildelt driftstilskot er det no krav om tilbakemelding på:**

- Dato for siste årsmøtet
- Disponible midlar per 1. november i søknadsåret
- Informasjon som syner aktivitet i beitelaget og bruk av midlar for beitebruk i utmark i søknadsåret (eventuelt sparing til konkrete tiltak), samt eventuelle utfordringar for beitelaget og beitebruken

Dette kan de skrive inn i merknadsfeltet eller laste opp som vedlegg.

Vi set pris på om de også skriv litt om dykkar vurdering av beitesesongen og tapstala. Legg gjerne ved årsmeldinga til beitelaget.

**Søknadsfristen er 15. november.** Det vert trekt kr 1 000 per dag for søknader som vert leverte etter søknadsfristen. Vi oppmodar alle om å søkje elektronisk via Altinn. Her finn de søknadsskjema og rettleiing til elektronisk søknad: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/organisert-beitebruk>. Ver spesielt merksame på at når de har vore inne på søknaden ein gong og valt fylke, vil de finne att søknaden under *Registrerte søknader* neste gang de går inn.

### Søknadsinformasjon

E-postadresse:  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



- Beitelaget må vere registrert med organisasjonsnummer i Einingsregisteret i Brønnøysund
- Det er den som står som kontaktperson for laget i Brønnøysundregisteret som kan søke. Det er mogleg å delegerere dette ansvaret (gjerast i Altinn). Dersom beitelagsleiaren er ny, må den tidlegare leiaren gi rettigheter til den nye leiaren.
- Medlemmane i beitelaget må ha organisasjonsnummer for at opplysningane skal kunne registrerast. Dette får dei ved å registrere seg i Einingsregisteret.
- Søknaden skal registrerast på den kommunen der hovuddelen av beitelaget sitt beiteområde er
- Det er tal dyr sleppt og sankt på **utmarksbeite** (ikkje innmarksbeite) som skal registrerast
- **Hugs tilleggsinformasjon (krav øvst i brevet) som de skal skrive i merknadsfeltet/legge ved**
- Endringar i beitelagsområdet skal sendast separat til kommunen som følgjer opp slik at dette vert endra i beitelagskartet hos NIBIO
- De kan finne meir informasjon om Organisert beitebruk på [www.fylkesmannen.no/vl/rmp](http://www.fylkesmannen.no/vl/rmp)

### Utbetaling av driftstilskot

Satsane for driftstilskotet er auka for 2019. Førebelse satsar er kr 20,- per småfe sleppt på utmarksbeite og kr 40,- per storfe sleppt på utmarksbeite. Dyra må ha vore på utmarksbeite i minst 5 veker i løpet av beitesesongen. Tilskotet vert utbetalt til beitelaga i mars 2020.

### Vilkår

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som er registrerte i Einingsregisteret og som har beitedyr i utmark. Beitelaget må ha minst 2 medlemmar, dyra må ha vore minst 5 veker på utmarksbeite, beitelaget må ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve (minimumskrav er felles ettersankedato for beitelaget/kommunen), og beitelaget må ha levert inn tilleggsinformasjon (krav øvst i brevet). Tapstal for beitelaget skal også vere rapportert (eige rubrikk i søknadsskjemaet).

### Kva driftstilskotet kan brukast til

Tilskotet kan brukast til alle investeringar eller tiltak i regi av beitelaget som er positive for beitebruken i utmark. Formålet med tilskotet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Slikt samarbeid kan mellom anna gjelde tilsyn, sanking, transport av dyr og varer til og frå utmarksbeite, rydding av stiar, etablering og vedlikehald av gjerde mot og i utmark, bruer, sankekeveer, ulike installasjonar, fagmøte, innkjøp av hjelpemiddel med meir (NB! Opplistinga er ikkje uttømmende).

I tillegg til at driftstilskotet kan brukast til fellestiltak for heile eller deler av beitelaget, kan og einskildmedlemmane søke beitelaget om støtte til private investeringar eller tiltak som er positive for beitebruken i utmark. For større investeringar og tiltak kan beitelaget søke Fylkesmannen (frå og med 2020 kommunen) om investeringsstøtte i tillegg til driftsstøtta. Både investeringsstøtta og driftsstøtta skal brukast til tiltak i utmark, ikkje på innmark.

### Organisering av beitelaga

Eit beitelag kan omfatte eit større geografisk område slik at også føretak som er åleine i sitt utmarksområde også kan vere medlem i eit beitelag. Nokre beitelag omfattar heile kommunar. Det vil variere mellom beitelaga i kor stor grad samarbeid kring organisert tilsyn og sanking kan utførast grunna dyr i ulike beiteområde, men minimumskravet er felles ettersankedato for beitelaget eller kommunen.

### Spørsmål

Eventuelle spørsmål kring søknaden om tilskot til drift av beitelag (Organisert beitebruk) kan rettast til kommunen.



Fylkesmannen har oppmoda kommunane om å ha ei tettare oppfylging av beitelaga enn tidlegare. Vi vonar desse grepa vil styrke beitelaga og gje auka aktivitet i beitelaget sitt viktige arbeid for beitebruk i utmark.

### **Søknad om rovvilterstatning 2019**

Fylkesmannen minner om at søknadsfristen for søknad om rovvilterstatning er **1. november**. Søknad må sendast inn i det elektroniske søknadssenteret på Miljødirektoratet si heimeside, sjå;  
<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>

### **Tilskot til tiltak i beiteområde 2020**

Frå neste år er det kommunane som har ansvaret for ordninga. De vil få meir informasjon om dette etter kvart.

Lukke til med arbeidet!

Med helsing

Kari Elsa Des Bouvrie  
Seniorrådgjevar

Randi Erdal  
seniorrådgjevar

Bjørn Harald Haugsvær  
Assisterande landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi på epost:

Kommunane i Sogn og Fjordane  
Kommunane i Hordaland  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Hordaland Bondelag  
Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag  
Hordaland Bonde- og småbrukarlag  
Hordaland Sau og Geit  
Sogn og Fjordane Sau og Geit  
Fylkesmannen i Vestland v/H. Mjelstad